


FOLKEMØTE

TETTSTADSUTVIKLING FORSAND



14/11/2017
KOMMUNEHUSET KL. 18.00–20.00

Våren 2017 blei tettstadsutviklings-prosjektet starta av Forsand Kommune i samarbeid med- og med støtte frå Ryfylke IKS sitt by- og regionsprogram.

Heile våren blei det gjennomført analysearbeid for å kartlegge tettstaden.

Den 1. juli blei sommaren kickstarta på den rosa ferjekaien med pølser og is, Forsand-løypa blei også opna. Forsand-løypa bestod av 13 postkassar som vart plassert ulike stader i Forsand kor innbyggjarar kunne gje innspel til utvikling heile sommaren. Konkurransen om å vinna gavekort vart også lansert.

No ynskjer me å invitera alle innbyggjarar til eit ope møte kor me vil fortelja om alle funn som er gjort i arbeidet, og kva det anbefalast at Forsand bør satsa på framover for å bli ein enda meir attraktiv tettstad. Det vil og i siste halvdel av møtet leggjast opp til at ein kan engasjera seg og diskutera kva ein sjøl, eller andre kan setja i gong for å følgja opp på idear og anbefalingar, utanom tiltak kommunen sjøl arbeider med.

Leva Urban Design som har bistått oss med prosessleiing i prosjektet kjem å presenterar resultata for oss.

Det var heile 137 personer som hadde funne alle postkassar. Dette var så bra at Ordførar vil dela ut gavekort til heile tre heldige vinnarar for deltaking i Forsand løypa.



VINNARAR LANSEST PÅ MØTET!

